

Osterøy kommune
v/ ordføreren

21.04.2023

SØKNAD OM STØNAD TIL DRIFT 2023

Kirkens SOS Bjørgvin er eit døgnope, sjølvmoedsførebyggjande tilbod til alle innbyggjarane i Vestland fylke. Med 120 frivillige og 4,7 tilsette leverer vi tenester med høg fagleg kvalitet til låge kostnader.

Kirkens SOS står for halvparten av all krisetelefonti i Norge, og er også store på SOS-meldingar og chat via internett. Senteret i Bjørgvin er eitt av 11 lokale senter, og er sjølv ansvarleg for finansiering og drift.

- Kirkens SOS Bjørgvin har brukarar frå alle kommunane i Vestland, og vi veit at tenesta reddar liv. Vi er og eit viktig supplement til behandlingsapparatet, og gjev livsmot og håp til mange menneske som er einsame og sjuke.
- I 2022 svarte Kirkens SOS Bjørgvin på i overkant av 61 samtaler kvart døgn. I 2022 og vidare i 2023 har vi medarbeidarar dels på vaktrom og dels på kvalitetssikra heimekontor, noko som gjere tenesta rusta til akutte nedstengningar når dette er nødvendig. Med mykje isolasjon og einsemd er tenesta viktigare enn nokon gong. Svært mange menneske, både unge og eldre, slit med livet og kjenner seg utrygge no. Hos Kirkens SOS finn dei menneske med tid til den gode samtalen.

Kirkens SOS Bjørgvin har ingen eigarar som sørgjer for nødvendige driftsmiddel, og er såleis heilt avhengig av lokale bidrag frå kommunar, kyrkjelydar, bedrifter og andre, i tillegg til statleg støtte.

Vi søker derfor kommunen om ein driftsstønad for 2023 på kr 1,- til 3,- pr innbyggjar.

Vårt kontonummer er 7011 05 20067, merk Kirkens SOS Bjørgvin

Med helsing

May-Irene Wergeland
Leiar



Karl Dag Bærug
Nestleiar

Vedlegg: Årsmelding 2022